

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.02.2013
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda januar 2013**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 019/13 B

Styremøte 06.03. 2013

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2013 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per januar 2013 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 71 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 78 dagar. Både ventetida for ventande og behandla har gått noko ned den seinaste månaden.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2012. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for barn og unge og psykisk helsevern for vaksne er på same nivå eller noko høgare enn til same tid i 2012.

Prosentdelen fristbrot for behandla er framleis for høg, og har gått litt opp samanlikna med førre månad. Helse Stavanger har framleis størst utfordringar knytt til korridorpasientar innan somatikken, medan Helse Bergen HF har hatt ein auke dei seinaste månedane. Innan psykisk helsevern har det og vore ei stigning i korridorpasientar i Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF dei siste månedane. Talet langtidsventande har halde seg stabil dei tre siste månedane. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 75 % innan somatikken og 78 % innan psykisk helsevern i januar 2013.

Det økonomiske resultatet i januar er kr 37,9 mill, som er kr 25,9 mill svakare enn budsjettet. Avslutting av rekneskapen for januar er gjort samstundes med føretaka sin avslutting av rekneskapen for 2012, noko som kan medføre at føretaka ikkje går like detaljert gjennom rekneskapen med omsyn til avsetjingar og periodiseringar som dei gjer ved dei ordinære periodeavsluttingane. Helse Vest RHF kvalitetssikrar for tida føretaka sine budsjett med hovudfokus på å avdekke risiko og iverksetjing av kompensierende tiltak. Omfang av tiltak og resultata av desse vil bli nærare kommentert i rapporteringa i februar.

Føretaka melder ei prognose for året som er i tråd med budsjett. Samla investeringar per januar er på kr 89 mill. Dette utgjer omlag 5 % av forventta investeringsnivå i 2013. Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,708 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Det er ein nedgang med 0,6 % i sjukefråværet i januar 2013 i forhold til desember 2012. Det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær i januar 2013 er stabilt samanlikna med januar 2012.

58,08 % av alle einingane har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare per januar 2013.

Det har vore ein auke med 112 netto månadsverk frå januar 2013 til februar 2013 og ein auke med 67 brutto månadsverk i same perioden.

Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for februar 2013 er på 88,67 %.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. januar 2013.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet under syner endring i aktivitetsnivået per januar 2013, samanlikna med tal for januar 2012. Når ein samanliknar aktivitet for berre ein månad, kan små absolutte endringar gje store relative utslag.

 Aktivitetsutvikling		Resultat	Mål	Status	=
Somatikk					
Aktivitet målt i DRG-poeng		0,4%	1,5%		
Aktivitet målt i opphald		1,7%	1,5%		
Poliklinisk aktivitet		4,3%	4,5%		
Psykisk Helsevern for Barn og unge					
Aktivitet døgnerbehandling		-0,3%	2%		
Aktivitet dagbehandling		11,6%	5%		
Psykisk helsevern for voksne					
Aktivitet døgnerbehandling		4,0%	2%		
Aktivitet dagbehandling		0,1%	5%		

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det totalt blei generert nær 2 500 DRG-poeng ved helseføretaka i januar 2013. Av dei fire helseføretaka hadde Helse Fonna HF lågare DRG-produksjon enn til same tid 2012, medan dei tre andre helseføretaka hadde same produksjon eller høgare. Det samla talet sjukehusopphald var om lag 22 250 og det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 85 000. Berre Helse Fonna HF har noko lågare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2013, enn til same tid i 2012.

Psykisk helsevern


I januar 2013 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn tilnærma likt nivået i januar 2012. Talet liggjedøgn i januar var om lag 1 500, og den faktiske skilnaden i høve til januar 2012 er berre 4 færre liggjedøgn. Talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar var nær 12 000. Helse Førde HF har hatt høgare døgnaktivitet enn i januar 2012, medan dei tre andre helseføretaka hadde same aktivitetsnivå eller noko lågare. Alle dei fire helseføretaka har rapportert om høgare poliklinisk aktivitet i januar 2013 enn i same månad førre år.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne ligg over nivået i januar 2012 målt i talet på liggjedøgn, medan talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar ligg på same nivå som i januar 2012. I absolutte tal har det blitt generert om lag 22 600 liggjedøgn og gjennomført 22 225 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Berre Helse Førde HF har generert færre liggjedøgn enn i 2012, medan det berre er Helse Stavanger HF som har ein lågare dag- og poliklinisk aktivitet enn i januar 2012.

2. Ventetidsutvikling


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i januar 2013 var på 71 dagar (60 dagar for prioriterte og 92 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av januar 2013 var 78 dagar, fordelt på 54 dagar for prioriterte og 105 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 79 dagar ved utgongen av januar. For pasientar med prioritet var ventetida 54 dagar, og for pasientar utan prioritet 105 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i januar 2013, så var dei 60 dagar for prioriterte og 93 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 72 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 36 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 76 dagar ved utgangen av januar 2013. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 40 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i januar 2013 var 63 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 61 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 124 dagar.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 64 dagar ved utgangen av januar 2013. Ventetida for ventande med prioritet var 48 dagar og 96 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandlinga i januar 2013 var den samla gjennomsnittlege ventetida 52 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 59 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 74 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa ha starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i perioden)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2012-jan	816	3 %	896	8 %	1712	5 %	1011	10 %
2012-feb	760	3 %	757	7 %	1517	4 %	932	9 %
2012-mar	680	3 %	743	7 %	1423	4 %	891	8 %
2012-apr	879	4 %	666	8 %	1545	5 %	1154	10 %
2012-mai	906	4 %	751	7 %	1657	5 %	1040	9 %
2012-jun	686	3 %	739	7 %	1425	4 %	793	7 %
2012-jul	953	4 %	357	6 %	1310	4 %	831	9 %
2012-aug	841	4 %	843	9 %	1684	5 %	1072	11 %
2012-sep	829	3 %	884	9 %	1713	5 %	1138	11 %
2012-okt	734	3 %	813	7 %	1547	4 %	973	9 %
2012-nov	530	2 %	683	6 %	1213	3 %	743	7 %
2012-des	589	2 %	457	5 %	1046	3 %	668	6 %
2013-jan	456	2 %	707	6 %	1163	3 %	805	8 %


I den månedlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt to av dei private ideelle sjukehusa.

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak.


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpatientar og epikrisetid


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridor plassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan somatikk




I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken historisk hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Dei seinaste månadene har det gjennomsnittlege talet somatiske korridorpatientar per dag byrja å stige igjen ved tre av dei fire helseføretaka. Dei seinaste månadene har det og vært ein auke i gjennomsnittleg tal korridorpatientar innan psykisk helsevern i Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF.


Gjennomsnittlig tal korridorpatientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar, ei målsetting som Helse Vest ennå ikkje innfrir. I januar 2013 var delen epikrisar utsendt innan fristen 78 % innan psykisk helsevern og 75 % innan somatikken. Innan psykisk helsevern hadde Helse Fonna HF den høgaste delen sendt innan fristen, medan Helse Førde HF hadde den høgaste delen innan somatikken.

 Epikrisetider	Resultat	Mål	Status =
Samlet Bilde			
Epikrisetid psykisk helsevern	78%	100%	
Epikrisetid somatikk	75%	100%	

Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 13 månadene.



5. Økonomi


5.1 Resultat

	Januar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	1 793	990	803
Helse Bergen HF	8 520	13 408	-4 888
Helse Fonna HF	-1 028	2 834	-3 862
Helse Førde HF	634	422	212
Helse Stavanger HF	-7 834	7 498	-15 332
Kjøp av helsestenester	37 863	38 669	-806
Administrasjon morselskap	1 629	-83	1 712
Helse Vest IKT AS	-3 688	75	-3 763
Til saman	37 889	63 812	-25 923

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i januar er kr 37,9 mill som er kr 25,9 mill svakare enn budsjettert. Avslutting av rekneskapen for januar er gjort samstundes med føretaka sin avslutting av rekneskapen for 2012, noko som kan medføre at føretaka ikkje går like detaljert gjennom rekneskapen med omsyn til avsetjingar og periodiseringar som dei gjer ved dei ordinære periodeavsluttingane.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Føretaket har eit negativt resultat i januar på kr 7,8 mill som er kr 15,3 mill svakare enn budsjettert. Deler av dette avviket vil korrigierast i februar rapporteringa etter at føretaket har gjort ein meir detaljert gjennomgang av inntektsida i rekneskapen.

Inntektssida er om lag som budsjettert medan kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 15,3 mill. Føretaket melder at kr 2,9 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt budsjettavvik innan lønn på kr 12,1 mill. Hovudårsaka til avviket innan lønn knytter seg hovudsakeleg til vekst i tilsetjingar i tidlegare vakante stillingar samt auka bruk av overtid i forhold til budsjett.

Varekostnadane viser eit positivt avvik på kr 1,1 mill og ein må sjå dette i samanheng med lågare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Kostnadene knytt til gjestepasientar viser eit negativt budsjettavvik på kr 3,4 mill og skuldast hovudsakleg endeleg oppgjør for 2012 knytt til interne gjestepasientar innan somatikk og eksterne gjestepasientar somatikk. Andre driftskostnader har eit positivt budsjettavvik på kr 1,6 mill som hovudsakleg skuldast lågare kostnader til pasienttransport, kjøp av eksterne tenester og kjøp av ikkje aktiverbart utstyr. Finansresultatet er om lag som budsjettet.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i januar er minus kr 1 mill som er kr 3,9 mill svakare enn budsjettet. Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 3,8 mill.

Sum driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 7,7 mill der personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjer kr 6,3 mill. Både kostnader til faste stillingar og auka bruk av vikar/overtid bidreg negativt og må sjåast i samanheng med den høge aktiviteten i føretaket. Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet visar etter ein månad eit positivt avvik på kr 0,3 mill medan andre driftskostnadar har eit positivt avvik på kr 0,6 mill. Finansresultatet er om lag som budsjettet.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

I januar er resultatet kr 8,5 mill som er kr 4,9 mill svakare enn budsjettert.

Driftsinntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 1,6 mill medan driftskostnadane syner eit negativt budsjettavvik på kr 6,6 mill.

Kostnadssida syner eit negativt budsjettavvik på kr 6,6 mill kor lønnskostnad og ekstern innleige utgjer kr 1,1 mill av avviket. Avviket på varekostnad medikament er knytt til medisin, medisinske forbruksvarer og medisinsk gass. Delar av avviket skuldast ujamne innkjøp samanlikna med budsjetterte innkjøp. Det er eit negativt avvik knytt til biologiske legemidlar på i overkant av kr 1,2 mill. Dette er motsvara av tilsvarende meirinntekt. Avviket på dei andre postane kan i stor grad bli sett i samanheng med periodiseringsmessige forhold. Finansresultatet er om lag som budsjettert.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Resultatet for januar viser eit resultat på kr 0,6 mill som er kr 0,2 mill betre enn budsjettert.

Etter ein måned er inntektene kr 0,6 mill mindre enn budsjettert. Kostnadssida syner eit positivt avvik mot budsjett på kr 0,1 mill. Bemanningskostnadane er kr 0,4 mill høgare enn budsjettert og det er eit meirforbruk på kr 0,8 mill knytt til varekostnader. Andre driftskostnader er om lag kr 1,4 lågare enn budsjettert og finanskostnadane har eit positivt avvik på kr 0,5 mill.

Kjøp av helsetenester

Resultatet i januar er kr 37,9 mill, som er kr 0,8 mill svakare enn budsjettert.

Administrasjonen

Resultatet i januar er kr 1,6 mill som er kr 1,7 mill betre enn budsjettert. Avviket skuldast hovudsakeleg lågare kjøp av konsulent- og andre eksterne tenester enn budsjettert.

Sjukehusapoteka Vest

Etter ein måned er resultatet kr 1,8 mill som er kr 0,8 mill betre enn budsjettert.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i januar er minus kr 3,7 mill som er kr 3,8 mill svakare enn budsjettert. Føretaket melder at resultatet venteleg vil rette seg i februar slik at akkumulert resultat for januar og februar samla vil nærme seg budsjett.

Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	13 000	13 000	0
Helse Bergen HF	165 000	165 000	0
Helse Fonna HF	34 000	34 000	0
Helse Førde HF	5 000	5 000	0
Helse Stavanger HF	90 000	90 000	0
Kjøp av helsetenester	0	0	0
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
Til saman	308 000	308 000	0

Alle tall i heile tusen

Føretaka melder ein prognose for året som er i tråd med budsjett.

Omstilling

Helse Vest RHF kvalitetssikrar for tida føretaka sine budsjett med hovudfokus på å avdekke risiko og iverksetjing av kompensierende tiltak. Omfang av tiltak og resultat av desse vil bli nærare kommentert i rapporteringa for februar.

Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2013 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak om konsernbudsjett 2013 i februarmøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til 1,7 mrd. I tabellen under er det vist status på investeringar pr. januar samt estimat for året.

Investeringar 2013	Januar	Resten av		Estimat 2013	Budsjett 2013
		Januar	året		
Bygg	52 570	922 780	975 350	975 350	975 350
MTU	35 734	260 091	295 825	295 825	295 825
IKT	0	226 400	226 400	226 400	226 400
Anna	1 037	211 063	212 100	212 100	212 100
SUM	89 341	1 620 334	1 709 675	1 709 675	1 709 675

Alle tall i heile tusen

Samla investeringar per januar er på kr 89 mill. Dette utgjer omlag 5 % av forventa investeringsnivå i 2013.

Helse Stavanger:

Investeringar 2013	Januar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Stavanger:				
BUPA	2 483	8 213	10 696	10 696
Stavanger DPS	649	119 351	120 000	120 000
Ferdigstilling MOBA	0	20 000	20 000	20 000
Øvrig bygg	3 791	15 563	19 354	19 354
Sum bygg	6 923	163 127	170 050	170 050
MTU	3 266	124 259	127 525	127 525
IKT		0	0	
Anna	902	76 898	77 800	77 800
SUM Stavanger	11 091	364 284	375 375	375 375

Alle tall i heile tusen

Investeringar per januar utgjør om lag 3 % av estimert investeringsnivå for 2013. Estimater for året er som budsjett.

Helse Fonna:

Investeringar 2013	Januar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Fonna:				
Bygg	3 162	55 338	58 500	58 500
MTU	1 418	38 582	40 000	40 000
IKT	0	5 500	5 500	5 500
Anna	31	9 969	10 000	10 000
SUM Fonna	4 611	109 389	114 000	114 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per januar utgjør om lag 4 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimater for året ligger på samme nivå som budsjettet.

Helse Bergen:

Investeringar 2013	Januar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Bergen:				
BUSP trinn I og II	3 185	236 815	240 000	240 000
Kronstad DPS	13 075	126 925	140 000	140 000
Ombygging sentralblokken	9 348	249 652	259 000	259 000
Øvrig bygg	14 577	28 423	43 000	43 000
Sum bygg	40 185	641 815	682 000	682 000
MTU	30 450	69 550	100 000	100 000
IKT				
Anna	61	98 939	99 000	99 000
SUM Bergen	70 696	810 304	881 000	881 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per januar utgjør om lag 8 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for året ligger som budsjettet.

Helse Førde:

Investeringar 2013	Januar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Førde:				
Luftambulans/pre-hospitalt bygg		30 000	30 000	30 000
Øvrig bygg	2 300	32 500	34 800	34 800
Sum bygg	2 300	62 500	64 800	64 800
MTU	600	27 700	28 300	28 300
IKT	0	900	900	900
Anna	0	7 200	7 200	7 200
SUM Førde	2 900	98 300	101 200	101 200

Alle tall i hele tusen

Investeringar per januar utgjør om lag 3 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for 2013 ligger på budsjett.

Sjukehusapoteka:

Investeringar 2013	Januar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Sjukehusapoteka	43	18 057	18 100	18 100

Alle tall i hele tusen

Investeringar per januar utgjør om lag 0 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for 2013 ligger på samme nivå som budsjett.

Helse Vest IKT:


Investeringar 2013	Januar	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Vest IKT	0	220 000	220 000	220 000

Alle tall i hele tusen

Investeringar per januar utgjør 0 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for 2013 ligger på samme nivå som budsjett.

Likviditet

Førebels likviditetsbudsjett for 2013 blei behandla under sak 009/13 B Konsernbudsjett 2013. Netto likviditet ved utgangen av januar er på kr 302 mill. Grafen under viser forventna utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskreditt) gjennom året 2013.




Alle tall i heile millionar

Driftskredittramme vil ved årets slutt vere kr 1,708 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar

Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær




Måltallet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per januar 2013 var det samla sjukefråværet på 7,6 % og sjukemeldt fråvær på 5,8 %. Til saman

Per januar 2013 var sjukemeldt fråværet lågare enn kva det var i januar 2012. For samla sjukemeldt fråvær er det om lag på same nivå som januar 2012.

Det er 2 276 fleire sjukefråværsdagsverk i januar 2013 enn i desember 2012, men samtidig er det 3 fleire arbeidsdagar i januar 2013 enn desember 2012. Dei 3 ekstra arbeidsdagane gir eit høgare tal på


mogelege dagsverk. Fleire sjukefråværsdagsverk i kombinasjon med fleire mogelege dagsverk gir derfor lågare sjukefråvær.

58,08 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2013. 63,69 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for januar 2013.



Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det har vore ein auke med 67 brutto månadsverk frå januar 2013 til februar 2013 og ein auke med 112 netto månadsverk i same perioden. Alle helseføretaka har hatt ein auke frå januar 2013 til februar 2013, med unntak av Helse Førde som har hatt ein nedgang.

Samanlikna med same periode i 2012 har det vore ein auke med 419 brutto månadsverk og 357 netto månadsverk.

Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest


Blir lagt fram i møte, då ikkje alle har overført lønnsdata til kuben.

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Det er per januar 2 458 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i deltidskartlegginga. Per januar er det 612 fast tilsette som ønskjer høgare stillingsbrøk innan ein månad, 185 innan det neste halve året og 49 på lengre sikt. 1 612 har svart at det ikkje er aktuelt med høgare stillingsbrøk. Dette utgjer om lag 66 % av alle dei som har registrert sin profil i deltidskartlegginga.


Helse Stavanger

Sjukefråvær




58,29 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2013.
64,09 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for januar 2013.

Månadsverk




Helse Fonna

Sjukefråvær




52,97 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2013. 61,02 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for januar 2013.

Månadsverk




Helse Bergen

Sjukefråvær




57,02 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2013. 61,81 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per januar 2013.

Månadsverk




Helse Førde

Sjukefråvær




64,12 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2013. 69,47 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for januar 2013.

Månadsverk




Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




38,71 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2013.
48,39 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for januar 2013.

Månadsverk



Helse Vest IKT

Sjukefråvær



73,33 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2013. 70,00 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for januar 2013.

Månadsverk

